

Vedlegg 1 (sak 088/15)

Tilråding frå revisjonen	AD si vurdering	Tiltak	Tidsfrist	Ansvar
1 Sikre tilstrekkeleg produksjon av nye avtaler før utløpet av gamle, og dermed unngå ulovleg prolongerte avtaler.	Avtaleproduksjon vil være ei kjerneoppgåve for Helse Vest Innkjøp HF, føretaket er derfor heilt avhengig av å få gode rutinar og naudsynt styring med dette området.	<ul style="list-style-type: none">• Implementering av porteføljestyrringsystem for innkjøpsportefølja (PoPP-verktøy)• Detaljerte planar innan kvar seksjon og kvar kategori.	<ul style="list-style-type: none">• PoPP-verktøy på plass innan 1. kvartal 2016 (avhengig av det regionale prosjektet)• Til styremøte i februar 2016 skal det føreligge ein plan for kvar seksjon for korleis tilstrekkeleg avtaleproduksjon skal sikrast.	HVI/RHF
2 Legg vekt på at ny systemløyising (LIBRA) skal gi tilgjengeleg og kvalitativt god styringsinformasjon om innkjøpspraksisen i føretaksgruppa, samstundes som utviklar gode analysar også før nytt system er på plass.	Systemløyising vil bli implementert om eit par år. I mellomtida må Helse vest Innkjøp HF og sjukehusføretaka saman sjå på korleis mellom anna registreringspraksisen i samband med bestillingar kan bli betre.	<ul style="list-style-type: none">• Helse Vest Innkjøp HF tek del i arbeidet til gevinstgruppa i program LIBRA.• Helse Vest Innkjøp HF tek del i DFU arbeidet og det regional arbeidet med verksemdstyring.	<ul style="list-style-type: none">• Fram til implementering av systema frå LIBRA• Pågåande	HVI/Alle HF
3 Sikre at kontraktbasen Contiki blir nytta i tråd med hensikta.	Registreringspraksis i Contiki har variert mellom helseføretaka. For nokre kontraktar har viktige felter i systemet ikkje blitt nytta ved registrering, slik at ein ikkje kan henta ut robuste data frå Contiki. Samstundes peikar revisjonen på at Contiki manglar ein del funksjonalitet, slik at det kan seiast å være ufullstendig som kontraktsystem.	<ul style="list-style-type: none">• Etablere lik registreringspraksis i Contiki på like avtaletypar• Følge opp at alle relevante felt i systemet blir nytta	<ul style="list-style-type: none">• Rutinar for registrering for dei ulike avtaletypane blir utvikla i løpet av 1. kvartal 2016, og lik registreringspraksis blir implementert i løpet av 2. kvartal 2016	HVI

4	Sikre god kommunikasjon mellom innkjøpsorganisasjonen og bestillarane i helseføretaka om innhaldet i og erfaringar frå bruk av rammeavtalane.	Det må etablerast standard informasjonsmaterieil for nye rammeavtalar (eksempel frå HINAS). Ein må definere kva for informasjonskanalar ein skal nytta.	Faktaark for kvar ny rammeavtale blir laga Definera adekvate kanalar for informasjon Metode for at brukarane av avtalane kan melde tilbake erfaringar må etablerast	Ny metodikk og prosess for informasjon om nye rammeavtalar skal være utvikla innen april 2016.	HVI/Alle foretak
5	Legg vekt på leverandør oppfølging gjennom heile avtaleperioden.	Det må etablerast ein metodikk for avtale-forvaltning. Metodikken vil variere frå område til område. Det må prioriterast kva avtalar som skal forvaltast aktivt, og ein må sjå på korleis funksjonen knytt til avtaleforvaltning kan styrkast. Kapasiteten er for liten innan dette området.	Metodikk for avtaleforvaltning innan den einskilde seksjon (kategribasert), inkl rammeverk for prioritering av kva avtaler som skal forvaltast aktivt.	<ul style="list-style-type: none"> • Kvar seksjon skal ha på plass metodikk for avtaleforvaltning innan sine områder innan 1. april 2016. 	HVI
6	Utarbeid kontrollrutinar som sikrar at konsignasjonslagra er avgrensa til berre å innehalde produkt som fullt ut innrettar seg etter rammeavtalar på området, samt vurder om ordninga totalt sett er tenleg for Helse Vest	Dette er eit arbeid som må skje i nært samarbeid med det einskilde føretak og aktuelle klinikkar. Det er vanskeleg å sjå for seg at Helse Vest Innkjøp HF tek ansvaret for vurdering av konsignasjonslager fordi ansvar for lagerfunksjonen ligg i det einskilde sjukehusføretaket.	Ein rår til at det blir oppretta eit regionalt prosjekt for vurdering av konsignasjonslager. Helse Vest Innkjøp tek del i arbeidet i prosjektet.	Tidsrammen for prosjektet må utarbeidast i samband med mandat for prosjektet,	Alle foretak
7	Sikre at alle bestillingar vert gjort elektronisk, der dette er mogleg.	Bestilling av varer og tenester som er på rammeavtalar, skal skje lokalt i det einskilde sjukehusføretak. Helse Vest Innkjøp HF etablerer ein support-funksjon for hjelp til bestilling i innkjøpsystema (Visma og Merida).	Helse Vest Innkjøp HF etablerer ved oppstart 1. november ein eigen seksjon kor support-funksjonen blir etablert (support-team). Det må etablerast eigen e-post for support, og ein må ha ei telefonteneste for support som er tilgjengeleg på dagtid (kontor-tid).	Supportfunksjonen må «opp og stå» ved oppstart av verksemda den 1. november 2015. Denne funksjonen er kritisk for helseføretaka i samband med bestillingar.	HVI/Alle foretak

